




2

JÆREN - høg himmel

Dette er ein veg som skil seg litt ut frå mange av dei andre turistvegane, vegen er rett og slett ein real bruksveg. På denne strekninga må du i større grad finne deg i å dele vegen med alle som nyttar den til kvardagsbruk. Men tenk på at det å vere på vegen faktisk er ein del av opplevinga. Å ligge bak ein bonde som kjører traktor, gjer det berre lettare å få med seg alle nyansane og detaljane i landskapet. Her er det kulturminner, hav, åker og eit uendeleg skiftande lys. Kystlandskapet er eineståande og noko du ikkje finn andre stader i Norge. Det som kanskje gir dei sterke inntrykka, må du nesten stoppe bilen for å oppleve, eller ta deg tid til å kjøre på nokre av dei små sidevegane. Der kjem du nærmare havet og oppdagar meir enn du gjer frå hovudvegen. Jærstrendene er ei oppleveling samme kva ver det er, og veret skifter ofte, det er ein del av det du må forvente. Her er det akkurat som landskapet er roleg og langsamt, og naturen er seig og stri, men så kan det bruse til med eit frykteleg temperament. Her er du ein del av livet som går sin gang, og det er sagt at du har ikkje sett heile Norge dersom du ikkje har sett Jæren.

REISEINFORMASJON. Nasjonal turistveg Jæren går mellom Ogna og Bore og er 41 km lang (fv. 44/507).





1



3



4

1 ORRE FRILUFTSHUS. Friluftshuset ved Orrestranda på Jæren er eit informasjonssenter om friluftsliv og naturvern. Det er også eit kultursenter med konserter, kunstutstillingar og andre kulturaktivitetar. Her er det gode tilhøve for parkering og kort veg til Orrestranda. Her er det gode tilhøve for parkering og toalettbesøk, med kort veg til Orrestranda. Arkitekt: Arkitektkontoret Schjelderup og Gram.

2 ORRESTRANDA. Orrestranda er ca. 5 km lang og er landets lengste sandstrand. Med lys, finkorna sand liknar denne stranda mest på sandstrender i eit anna og varmare land. Hit kjem folk for å bade, surfe og gå turar i frisk havluft.

3 VARHAUG GAMLE KYRKJE. På Varhaug har det vore kyrkje sidan 1200-talet. Den gamle kyrkja blei rive i 1905 og erstatta med eit lite gravkapell. Kyrkjegården ligg vakkert til ut mot havet. Her står også eit monument over ni russiske sjøfolk som blei skyldt på land etter at marinefartøyet «Ingermannland» forliste i 1842.

4 KVASSHEIM FYR. Kvassheim fyr blei sett opp i Ognabukta i 1912. Saman med Obrestad og Feistein fyr skulle Kvassheim leie skipstrafikken trygt forbi Jærkysten. Kvassheim var i drift fram til 1990. Fyret er restaurert og ombygd og inneheld utstillingar om redningshistoria og om naturen på Jæren og ein liten kafé. Arkitekt: Helge Schjelderup sivilarkitekter.

NASJONALE TURISTVEGER er 18 utvalgte kjøreturer gjennom norsk natur. Langs strekningene er det laget utsiktspunkt og rasteplatser med nyskapende arkitektur og tankevekkende kunst. Hver av de 18 strekningene, fra Jæren i sør til Varanger i nord, har sitt sær preg av veg, natur og historie.




4

RYFYLKE - langs frodige fjordar og nakne fjell


Røisa langs turistvegen i Ryfylke er ei reise i kontrastar. Her møter du nakent høgfjell, grøne, frodige lier, stupbratte fjellsider og djupe fjordar. Saudafjellet har ein særeigen natur. Den er knudrete, rå og gjenstridig og du kan ta deg i å lure på kva i all verda fekk nokon til å leggje ein veg akkurat her. Ved Svandalsfossen kan du gå i trappene og verkeleg kjenne på både vatnet og kretene. Nokre gonger har fossen så kraftig vassføring at politiet må trå til og sleppe ein og ein bil gjennom vasskya som dekkjer vegen. Akkurat dette er nesten litt eksotisk. Lengst sør på denne vegen finn du Lysefjorden. Lysefjorden er kanskje på sitt aller vakraste når mørke skyer heng over fjorden og berre slepp små stripere av gyllent ljós gjennom. Sidan Ryfylke er ei lang og variert strekning, så kan det være lurt å bruke god tid. Her er det mange stader råd å ta små avstikkarar og ta pausar undervegs, anten du er nysgjerrig på industrihistoria i Sauda eller berre vil oppleve ein av dei flotte strandstädane som til dømes Sand. Langs denne ruta kan du delta på laksafari og rafting eller leggje ut på ein fottur i skiftande terregn. Kjøreturen gjennom Ryfylke er ei allsidig oppleveling på ein røff veg med mange sjærmerande sider.

REISEINFORMASJON. Nasjonal turistveg Ryfylke går mellom Oanes ved Lysefjorden og Håra, og er 260 km lang. På den sørlige delen av strekninga må ein nyttja seg av to ferjer: Lauvik-Oanes og Hjelmeland-Nesvik





1



2



3

1 LOVRA. Gøynt inne i skogen finn du utsiktspunktet Lovra, sør for Sand i Suldal. Her er det god utsikt ut mot Lovraeidet og fjorden. Følg den lille stien fra stopplomma ved vegen til utsikta. Arkitekt: Helen & Hard.


2 HØSE BRU/SAND. Høse bru ligg i Sand som er administrasjonssenter i Suldal. Suldal er ein av dei store kraftkommunene, og bygdeturisme, bergverk og fiskeoppdrett er no for tilleggsnæringer å rekne. Høse bru er ei gangbru over Suldalslågen. Den lyser vakkert opp i mørke haust- og vinterkveldar, og leier til turområdet på den andre sida av lågen. Arkitekt: Sami Rintala/ Eggertsson og Ivan Kroupa.

ROPEID. Ropeid ligg på ei halvøy i Suldal kommune i Rogaland. På halvøya ligg fleire mindre tettstader samt ei ferjekai som bind Sand til vestsida av Sandsfjorden. Bygget på ferjekaia har store glassflater

som gir nærliek til både fjorden og fjellveggen. Arkitekt: Jensen & Skodvin Arkitektkontor.

3 SVANDALSFOSSEN. Svandalsfossen er eit mektig syn når vassføringa er stor. Trappene med 540 trinn gir nærbilde kontakt med storfossen og den frodige og trolske vegetasjonen som kjenneteiknar området. Arkitekt: Haga & Grov Sivilarkitekter MNAL.

4 ALLMANNAJUVET. Sinkgruvene i Allmanna-juvet er eit nedlagt gruveanlegg i Sauda. Gruvene var i drift frå 1881 til 1899. I denne perioden vart det utvunne 12000 tonn med sinkmalm. I dag er gruveområdet eit museum. Dei enkle bygningane i juvet er laga i ein industriell byggetradisjon som huser forteljinga om gruvene. Arkitekt: Atelier Peter Zumthor & Partner.





HARDANGER - fjell, fjord, fossar og fonn

Det er ingen løyndom at Hardanger er som eit einaste stort postkort, og nesten kor du snur deg ser du rett inn i ein buldrande foss eller blomstrande frukttrær. Alt det vakre du har hørt om Hardanger er sant. Der er i tillegg dramatiske vegar i dramatisk natur, og stor variasjon i inntrykka. Vegane i Hardanger har si eiga fart, og du må tilpasse deg det naturlege tempoet. Her ligg vegen på hyller i bratte dalsider, eller går bokstaveleg talt gjennom eplehagane, og det er kanskje denne nærliken som er det spesielle på strekninga. Her kjører du i sjølve opplevinga heile tida.

Den perfekte ferien ville vore å kjøre om våren når fruktblomstringen er i full gang, stoppe og fiske i Hardangerfjorden, for så å reise tilbake når frukta blir plukka på seinsommaren. Da ville Hardanger vist dei unike sidene som skifter etter årstid, og som alle er verdt eit besøk.



REISEINFORMASJON. Nasjonal turistveg Hardanger består av fire strekninger: Granvin - Steinsdalsfossen (fv. 7), Norheim-sund - Tørvikbygd (fv. 49), Jondal - Utne (fv. 550) og Kinsarvik - Låtefoss (rv. 13). Tilsammen 158 km. Det går ferge mellom Tørvikbygd - Jondal, og mellom Kinsarvik - Utne - Kvandal.



1



3



4

1 SKJERVFOSSEN. På vegen mellom Granvin og Voss ligg Skjervfossen. Skjervfossen er ein av to fossar tett i tett med eit fall på 150 meter. Ei naturvandring med stiar og trapper som vil gi forskjellige opplevelsar av fossar og stryk, skal stå ferdig sommaren 2015. Arkitekt: Fortunen. Landskapsarkitekt: Østengen & Bergo.

STEINSTØBERGET. Rastepllassen i Steinstøberget ligg idyllisk til med utsyn over Hardangerfjorden og Folgefonna. Plassen har fleire nivå, der det øvste har toalett og sittegruppe. Nede ved fjorden er det fine fiskeplassar og gode tilhøve for å grille. Arkitekt: Tordis Hoem.

2 STEINSDALSFOSSEN. Steinsdalsfossen er langt frå å vere den fossen i landet som har høgast fall, men den er likevel spesiell. Her kan du gå på baksida av fossen utan å bli våt. Steinsdalsfossen er på sitt største og flottaste i mai - juni under snøsmeltinga. Turistkontoret held til i det særegne bygget på parkeringsplassen og er ope i heile sommarsesongen. Arkitekt: Jarmund/Vigsnæs, Landskapsarkitekt Grindaker.

3 HEREIANE. Rasteplassen på Hereiane ligg på Folgefonnahalvøya, i eit område med glatte svaberg og krokete furutre heilt frå fjorden og opp til høgfjellet. Toalettbygninga på plassen er spesiell og kombinerer gamle skifertradisjonar med betong og glas i sterke fargar. Arkitekt: Asplan Viak og 3RW, Susanne Puchberger.

4 LÅTEFOSS. Tett inntil vegen gjennom den trange Oddadalen, styrtar Låtefossen med sine to laup 165 m nedover fjellsida. Vassspruten står som ein dusj over vegen mens elva renn vidare under den gamle steinkvelvbrua. På 1800- og tidleg 1900-talet fikk fossen jamnleg besøk av tyskarar og engelskmenn. Dei vart skyssa med hest og kjerre frå fjorden, opp langs Sandvinsvatnet og vidare opp Oddadalen til Låtefoss. Det var ei strabasiøs, men storstilt reise.

17-0013 grafisk.senter@vegvesen.no Foto: Statens vegvesen

NASJONALE TURISTVEGER er 18 utvalgte kjøreturer gjennom norsk natur. Langs strekningene er det laget utsiktspunkt og rasteplasser med ny-skapende arkitektur og tankevekkende kunst. Hver av de 18 strekningene, fra Jæren i sør til Varanger i nord, har sitt sær-preg av veg, natur og historie.



1

HARDANGERVIDDA - frå høgfjellsplatå til vestlandsnatur

Det faktum at vegen går over det største høgfjellsplatået i Nord-Europa seier noko om det du vil møte, men ikkje alt. Her møter du dei store viddene, djupe, frodige dalar, høge fjell, isbrear i det fjerne, fossar og blågrøne fjordar. Hardangervidda byr på varierte opplevingar, frå der vegen bølgjer seg dovent over dei store flatene til den trange, bratte og ville Måbødalens, før du plutselig ikkje lenger er på høgfjellet, men i den vesle bygda Eidfjord inst i Hardangerfjorden. På vinterstid endrar tilhøva på vegen over fjellet seg frå time til time, og ofte kan du oppleve kolonnekjøring bak store brøytebilar som strevar med å gjøre vegen kjørbar. Det er også ei oppleving som er spennande. Vidda kan være ugjestmild på vinterstid, men om sommaren er den langt meir inviterande. Terrenget egnar seg godt for fotturar, og dei mange fjellvatna gir deg høve til å skaffe din eigen middag, dersom fisken bit. Hugs at dette er høgt til fjells og at veret kan være omskifteleg sjølv på sommarstid, men at dette også er ein del av det å være i kontakt med naturen. På Hardangervidda finn vi ein av dei største villreinstammane i Europa og har du tålmod og hellet med deg kan du sjå dei fantastiske dyra i sitt rette element. Det er kanskje først da vi skjøner kven som hører til her oppe og kven som berre er gjest.

REISEINFORMASJON. Nasjonal turistveg Hardangervidda går mellom Eidfjord og Haugastøl og er 67 km lang (rv. 7).





1 HARDANGERVIDDA. Hardangervidda er den største nasjonalparken i landet og er det største høgfjellsplatået i Europa på over 8000 km. Hardangervidda har eit rikt dyre- og fugleliv, og er kanskje aller mest kjent for å vere tilhaldsstad for villrein. Om vinteren kan veggen over vidda bli stengd for at villreinen skal få beite i fred.

2 3 VØRINGSFOSSEN. Vøringsfossen er kanskje den mest kjente fossen i landet. Her stuper store vassmengder 182 meter frå Hardangerviddeplatået ned i Måbødalen. Fossefallet og den dramatiske overgangen mellom fjord og vidde gjer inntrykk. Det er også råd å sjå fossen frå botnen. Frå hovudvegen tar det 30 min å gå inn til fossen. Landskapet rundt Vøringsfossen er prega av slitasje. I 2015 startar

ei opprusting av området der målet er å skape ein større heilskap mellom dei ulike utsiktpunkta her og gi ei trygg naturoppleving. Arkitekt: Carl-Viggo Hølmebak.

4 MÅBØDALEN. Måbødalen er eit trangt, bratt og vakkert dalføre som strekkjer seg frå Eidfjord opp til Hardangervidda. Gjennom Måbødalen gjekk det i eldre tider fleire vegar. På 1780-talet blei det bygd 1300 trappetrinn i stein for å gjøre reisa lettare. Vegen frå Måbødalen opp til Fossli blei utført med eit imponerande steinarbeid og stod ferdig i 1916. Den gamle vegen kan framleis opplevast til føts eller på sykkel. Dagens bilveg gjennom Måbødalen har fleire tunnellar, men har også fine stoppestader og utsiktpunkt.


NASJONALE TURISTVEGER er 18 utvalgte kjøreturer gjennom norsk natur. Langs strekningene er det laget utsiktpunkt og rasteplatser med nyskapende arkitektur og tankevekkende kunst. Hver av de 18 strekningene, fra Jæren i sør til Varanger i nord, har sitt særpreg av veg, natur og historie.



1

AURLANDSFJELLET - snøvegen mellom fjordane

Dei fleste turistvegane er flotte same kva retning du kjører dei, men akkurat Aurlandsfjellet vil vi sei framstår med ein perfekt dramaturgi dersom du startar i Lærdal og kjører mot Aurlandsvangen. Den gir deg mange sterke inntrykk, og kontrastane er store frå fjorden til høgfjellet der snøen ligg store deler av året. Noko av det mest karakteristiske ved denne vegen, er at strekninga er aude og går gjennom eit landskap som framstår som heilt urørt. Dette er ikkje berre det mest markerte ved strekninga, men også kanskje det som gjer dette til ei eksotisk oppleving. Vegen er vinterstengd, men frå Aurlandsvangen er den open opp til utsiktpunktet på Stegastein heile året. Mange opplever det nye utsiktpunktet her like spektakulært som sjølve utsikten. Om vinteren er det likevel fascinerande å sjå at landskapet endrar karakter frå å vere eit bilet i fargar til å bli eit uttrykk i svart og kvitt med nyansar av grått. Ta deg tid til å oppleve kunstverket "DEN" av den amerikanske kunstnaren Mark Dion på Vedahaugane, og hugs at kunst skal vekkje følelsar.



REISEINFORMASJON. Nasjonal turistveg Aurlandsfjellet går mellom Aurlandsvangen og Lærdalsøyri og er 47 km lang (fv. 243).



②



③



④

① STEGASTEIN. Den elegante utsiktplattforma på Stegastein gir ein illusion av å sveve i lause lufta der den strekkjer seg 30 meter utover furutoppane, 650 meter over Aurlandsfjorden. Med glas i front får du ei unik utsikt over fjordlandskapet. Stegastein er open heile året. Arkitekt: Todd Saunders / Tommy Wilhelmsen.

② FLOTANE. Etter endelause stigningar frå fjøra til fjells, er det først over bakketoppen ved Flotane på Aurlandsfjellet at du kjenner deg «oppe». Her er eit nytt landskapsrom med slake høgdedrag, vide sletter og med tindar og fonner i det fjerne. Rasteplassen med benkar og toalett får all nødvendig energi frå solcellepanel. Her møtes det vakre, det funksjonelle og det miljøvenlege. Landskapsarkitekt: LJB-Lars Berge.

③ ④ VEDAHUGANE. Opp Erdalen gjer vegen krappe svingar, bryt tregrensa og leier blikket mellom dalar og fjell. På Vedahaugene kan du lunt i le nyte utsikta både mot fiellet, dalen og toppane i Jotunheimen. Ei gangbane og ein «uendelig» benk svinger seg elegant vekk frå vegen, slakt oppover og tilbake mot dalen. Vandringa viser veg til eit tankevekkjande kunstverk. Landskapsarkitekt: LJB-Lars Berge / Kunstner: Mark Dion.






1

GAULARFJELLET - frå Sognefjorden til Fosseheimen

Gularfjellet er ein godt bevart løyndom for dei fleste, men for alle som har oppdaga vegen står den fram som noko heilt spesielt. Ein tur på vegen over Gularfjellet, mellom Dragsvik ved Sognefjorden, er ei roleg og avdempa oppleving der kvaliteten ligg i detaljane. Kjøreturen går langs fjorden før vegen slynger seg opp mot det høgaste punktet på Gularfjell. På ras-teplassen ved Utsikten kan du nyte synet av heile det mektige landskapsrommet. Vegen vidare følgjer Gularvassdraget som er eit verna vassdrag, og byr på alt frå ville stryk og fossar til rolege parti der vatnet flyt stille av stad. Du får ei fin oppleving av berre å kjøre vegen langs vassdraget og følge den naturlege ruta som vatnet tar ned frå fjellet, men den verkelege nærliken til naturen får du dersom du tar beina fatt. Frå Nystølen til Eldal er det bygd ein samanhengande «fossesti» på nesten 25 kilometer. Du kan gå heile, eller velge å ta ein liten spasertur i skikkeleg nærboka med vassdraget. Brua som er bygd over Likholefossen, er for mange høgdepunktet og gir deg følelsen av å vere midt i det sprudlande fossesuget.

REISEINFORMASJON. Nasjonal turistveg Gularfjellet går mellom Balestrand - Moskog og mellom Sande - Eldalsosen, 114 km (fv. 55/610/rv. 13).





3



2



4

1 UTSIKTEN. Utsikten på Gaularfjellet er eit av dei flotte utsiktspunkta på strekninga. Rastepllassen ligg på toppen av stigninga opp frå Vetlefjorden og har eit storslått utsyn over eit frodig og vakkert landskap der riksveg 13 slynger seg oppover lia. Med fritt utsyn mot fjell på 1500 meter og djupe dal føre ligg utsiktplattforma og balanserer på kanten av fjellet, 700 meter over havet. Arkitekt: Code arkitektur.

2 TORSNESSTØLEN. Marianne Heier sitt kunstverk Mirage består av ti brønnar. Den eine er plassert her på det ned børnsrike Gaularfjellet. Dei ni andre er i Malawi, der tilgangen på vatn er mangelvare. Tittelen viser til eit optisk fenomen der lysstrålar blir bøygd slik at ting som i verkelegheita er bak horisonten blir synlege og verkar nære. I verket Mirage er vatnet både eit konkret element og ein metafor for fordelinga av ressursane i verda. Brønna i Malawi er etablert i samarbeid med UNICEF. Kunstnar: Marianne Heier.

3 LIKHOLEFOSSEN. Gaulavassdraget kan være kraftfull og vill spesielt når vassføringa er stor. Ein

tur over den spenstige stålbrua over Likeholefossen gir nærbart med kretene i fossen. Frå bruha kan du vandre vidare på Fossestien langs det verna vassdraget. Arkitekt: Nordplan.

4 FOSSESTIEN. Fossestien langs Gaula-elva følger gamle stiar og stølsvegar frå Gaularfjellet til Viksdalen. Stien er 21 km lang og passerar 14 fossar og 7 vatn. For å komme til turstien kan du parkere ved fire ulike stader: Eldal, Likholefossen, Longestølen og Torsnesstølen.

HESTAD KAPELL. Hestad kapell ligg på ei landtunge mellom Viksdalsvatnet og Hestadfjorden. Den vesle, brunbarka kyrkja og området rundt er freda. Ei stavkyrkje stod på Hestad frå 1327 da den i 1805 vart erstatta av dagens kapell. Ein del av tømmeret i kapellet stammar frå den gamle stavkyrkja.

NASJONALE TURISTVEGER er 18 utvalgte kjøreturer gjennom norsk natur. Langs strekningene er det laget utsiktspunkt og rasteplasser med ny-skapende arkitektur og tankevekkende kunst. Hver av de 18 strekningene, fra Jæren i sør til Varanger i nord, har sitt særpreg av veg, natur og historie.



5

GAMLE STRYNEFJELLSVEGEN - langs steinmurar og stabbesteinar

Nokre gonger er sjølve vegen målet. Slik er det med Gamle Strynefjellsvegen. Turistvegen frå Vestlandet til Austlandet er både målbindande vakker og freda. Vegen er i seg sjølv ein attraksjon og vitnemål om eit mesterstykke innan ingeniørkunst frå ei svunnen tid. Det er eit historisk sus over vegen som vart bygd med handmakt på slutten av 1800-talet. Deler av vegen kjører du på gamal grusveg som gir ei kjensle av å reise tilbake i tid. Den gamle vegen byr på store landskapskontrastar; i aust er det runde former prega av istida, mens det i vest er stupbratte fjellsider. Tar du med deg ein kajakk på turen, kan du få padle i turkise fjellvatn. Det er ikkje utan grunn at den gamle turistvegen har imponert reisande i over 100 år.

REISEINFORMASJON. Nasjonal turistveg Gamle Strynefjellsvegen går mellom Grotli og Videsæter og er 27 km lang (fv. 258).





1 HJELLE. Frå Gamle Strynefjellsvegen er det ein fin kjøretur heilt ned til Hjelle. Den idylliske bygda ligg vakkert til på austsida av Strynsvatnet nedst i Hjelledalen. Dampbåten Fridtjof Nansen gikk i trafikk Mardresunde-Hjelle frå 1892. Vegen til Hjelle kom i 1894.

2 JØL BRU. Etter at Strynefjellsvegen vart omgjort til heilårsveg og det kom ny bru ved sida av den opprinnelege, har gamle Jøl bru blitt både gløymt og litt gøymt. Den gamle, fine steinkvelvbrua kan være vanskeleg å oppdage, men eit nytt utsiktspunkt er under planlegging og vil gjere vegkunsten frå 1883 synleg.

3 ØVSTEFOSSEN. Øvstefossen, på spranget ned mot Hjelledalen, har i meir enn 100 år imponert reisande over Strynefjellet. Frå vegen kan du følgje ein 200-meter lang fossesti med stålrekkerwerk, og oppleve den brusande fossen på nært hald. Arkitekt: Jensen & Skodvin Arkitektkontor.

4 VIDEOFSENSEN. I enden av Hjelledalen ligg Videfossen utsiktspunkt tett på dei blågrønne massane med vatn som stuper nedetter fjellsida. Frå utsiktspunktet er det god utsikt over dalen og Skåla-fjellet som ragar 1848 moh. Merk at hotellet tar betalt for parkering. Arkitekt: Jensen & Skodvin Arkitektkontor.

5 GAMLE STRYNEFJELLSVEGEN. I forrige århundre var Gamle Strynefjellsvegen einaste vegen mellom Skjåk og Stryn. Vegen strekkjer seg over 27 kilometer og er ein del av kulturarven vår. Gamle, handlagde murar av stein og lange rekjer av stabbesteinar kjenneteiknar den over 100 år gamle vegen over fjellet.






1

GEIRANGER - TROLLSTIGEN - i slyng langs stupbratte fjell

Kjøreturen over Trollstigen er utan tvil litt meir dramatisk enn det dei fleste er vant til, for det som kanskje er spesielt med å kjøre rundt i Norge er at det faktisk bur eller har budd folk overalt. Sjølv på den smalaste fjellhylla eller på den vesle knausen kan det vere bygt hus. Slik er vi knytt a til landskapet og naturen gjennom busetjingar der vi har funne livsgrunnlag opp gjennom historia. Likevel vil nok dette være ein digresjon, for på denne vegen er det lett å tape seg i det spektakulære. Geiranger-Trollstigen byr på fleire høgdepunkt, og det er lett å få høg puls i dei elleve snirklete svingane i Trollstigen eller når du skodar utover frå Ørnesvingen ned mot Geirangerfjorden. Frodige dalar, lune jordbærbygder, stupbratte fjell og utkikkspunkt gir både sug i magen og nokre av dei beste utsiktene Norge kan by på. Sett av god tid til turen, pausane er kjærkomne, same om du vil utfordre deg sjølv med ein topptur eller berre nyte synet. Det er så mykje meir å oppdage for kvar den som tar seg tid.

REISEINFORMASJON. Nasjonal turistveg Geiranger-Trollstigen går mellom Langevatn på Strynefjellet og Sogge Bru i Romsdalen. Strekningen er 104 km lang (fv. 63). På en del av strekningen må du ta ferje.





2



4



3



5

1 2 TROLLSTIGEN. På Trollstigen kjem du tett på det ville og vakre landskapet. Frå kafeen går det flotte gangvegar og trapper fram til utsiktspunkta. Den største utsiktplattforma stikk ut over fjellkanten og svever 200 meter over Trollstigvegen som slyngjer seg opp den bratte fjellsida. Plattforma har forskjellige utsiktspunkt tilpassa både modige og forsiktige besøkande. Arkitekt: Reiulf Ramstad Arkitekter.

3 GUDBRANDSJUVET. Utsiktspunktet ved Gudbrandsjuvet ligg vakkert til i Valldalen med steile fjellsider, elva og juvet på nært hold. Her har elva Valldøla brukt tusenvis av år på å lage dype jettegryter og finurlege formasjonar i fjellet. Utsiktsplassa ser ut som ein krans i terrenget og leier ned til Gudbrandsjuvet kafé som ligg heilt på kanten av den brusande elva. Arkitekt: Jensen og Skodvin.

LINGE FERGEKAI. Frå Linge ferjekai går ferja i skytteltrafikk over Norddalsfjorden til Eidsdal. Ferjekaien har eit lyst venterom med karnapp, store vindauge mot fjorden og eigen frukthage. Arkitekt: Knut Hjeltnes.

4 ØRNESVINGEN. Ørnevegen er namnet på dei 11 hårnålsvingane som går opp den bratte, frodige lia frå Geiranger mot Eidsdal. Heilt øvst ligg utsiktspunktet Ørnsvingen med sitt eige innebygde fossefall. Her kan du sjå mot bygd Geiranger, utover Geirangerfjorden med sine stupbratte fjellsider, fosseane «Dei sju søstrene» og fjellgarden Knivsflå. Arkitekt: 3RW, Sixten Rahlf.

5 FLYDALSJUVET. Rastepllassen ligg ved den bratte fjellsida innerst i Geirangerfjorden og er eit av mange storlåtte utsiktspunkt ved Geirangerfjorden. Herfrå ser du Laushornet på 1502 meter og Eidshornet på 1629 meter. Fleire hundre år gammalt laftetømmer frå ein hestestall er brukt i bygginga av toalett og informasjonspunkt. Utsiktspunktet ved Flydalsjuvet er utforma i eit øvre og nedre nivå med gangbane i mellom.

Arkitekt: 3RW, Sixten Rahlf.

NASJONALE TURISTVEGER er 18 utvalgte kjøreturer gjennom norsk natur. Langs strekningene er det laget utsiktspunkt og rasteplasser med nyskapende arkitektur og tankevekkende kunst. Hver av de 18 strekningene, fra Jæren i sør til Varanger i nord, har sitt særpreg av veg, natur og historie.





1

ATLANTERHAVSVEGEN - vegen i havet

■ ngenting er så mektig som havet. Vår viktigste transportveg i århunder, vår inntektskilde og utgangspunkt for uendelige rekreasjonsmuligheter. Få steder bringer deg så nær havet og lar deg være en del av det på samme måte som Atlanterhavsvegen. Her merkes vinterstormene og her nytes solskinnsdagene om sommeren. Atlanterhavsvegen er en visuell nytelse, der den svinger seg elegant fra holme til holme over de sju bruene. Naturen og moderne ingeniørkunst møtes og skaper den helt spesielle kjøreopplevelsen.

Turen tar deg fra frodige kystkulturlandskap og llynghei til nakne knauser langs den værharde og åpne Hustadvika. Ta deg tid til å se solen synke ned i horisonten akkurat her. Atlanterhavsvegen har blitt omtalt som verdens vakreste bilreise. Det er en intens opplevelse som gir deg innblikk i en værhard verden der du må tåle et vindkast.

REISEINFORMASJON. Nasjonal turistveg Atlanterhavsvegen går mellom Kårvåg og Bud og er 36 km lang (fv. 64/242/663/238/235).





2



3



4

STORSEISUNDBRUA. Hele Atlanterhavsvegen er et imponerende byggverk med sine sju bruer som går over holmer og skjær. Den største brua Storseisundbru er selve kjennemerket på strekningen og strekker seg fra Eide til Averøy. Konstruktør Johs Holt AS.

1 ELDHUSØYA. Utsiktstien på Eldhusøya er en rundtur som passer alle og er åpen hver dag, hele året. Visst er det fint i sol, men opplevelsene kan være like sterke en ruskeværsdag. I sommerhalvåret er kafeen, med vinduer som en blinkende sildestim, åpen for besøk. Arkitekt: Ghilardi+Hellsten Arkitekter.

2 MYRBÆRHOLMBRUA. Fra egne fiskebruer på hver side av Myrbærholmbrua er det trygt å prøve fiskelykken. I den sterke tidevannsstrømmen kan du dra torsk, lør, makrell og sei opp fra det klare og rene havet. Arkitekt: manthey kula.

3 HÅGÅ. Tar du turen ut til kyststien på Vevang vil du finne en rekke biter av en hvit søyelignende form som

bukter seg på svaberget, ut i tjern og mellom lyngdekte tuer. Marmorskulpturen er laget av kunstneren Jan Freuchen og har navnet Columna Transatlantica eller Den transatlantiske søylen. Skulpturen kan gi assosiasjoner til velteide greske søyler eller kanskje Midgardsormen. Kunstner: Jan Freuchen

4 ASKEVÅGEN. Utsiktpunktet i Askevågen gir mulighet for nærmekontakt med Atlanterhavet. Det ligger ytterst på moloen med glassvegger rundt som beskytter mot vær og bølgesprut. Det lille utsiktpunktet gir rundskue utover hav og skjærgård, og innover mot land og fjell. Arkitekt: 3RW, Jakob Røssvik.

KJEKSA. Utsiktpunktet på Kjeksa ligger ved fiskeværet Bud på Atlanterhavsvegen. Fra rastepllassen er det storslagen utsikt til skipsleia, storhavet og Hustadvika, det mest beryktede havstykket i Norge. Sti og trapper leder ned til sjøkanten og fiskeplasser i fjæra. Arkitekt: 3RW, Jakob Røssvik.

NASJONALE TURISTVEGER er 18 utvalgte kjøreturer gjennom norsk natur. Langs strekningene er det laget utsiktpunkt og rasteplatser med nyskapende arkitektur og tankevekkende kunst. Hver av de 18 strekningene, fra Jæren i sør til Varanger i nord, har sitt særpreg av veg, natur og historie.



3

RONDANE - langs blå fjell

Lukk øynene og kjenn følelsen av fjellet. Over 2000-meter høye fjelltopper i et særegent landskap dekket av kritthvit snø, sola som henger lavt på himmelen og får snøen til å glitre, det blå lyset. Roen, stillheten, vissheten om at solskinnsdagen kan bli til en lumsk uværsdag i løpet av noen korte øyeblikk. Det er når den følelsen brer seg at du kjenner at du må til Rondane. Kanskje er det akkurat dette som har gjort at så mange kunstnere og forfattere har lett seg inspirere av området – og kanskje er dette grunnen til at man vender tilbake til Rondane i generasjoner. Som urgammle kjemper hviler fjellene langs vegen som tar deg langs Rondane nasjonalpark. Opplevelsen av det langsomme landskapet med de ruvende fjellene er helt spesiell. Det er nesten litt magisk. Her må du finne roen og la inntrykkene synke inn. Det blå lyset følger deg hele veien. Har du mulighet til det bør du ta en stopp ved den buktende utsiktsplattformen Sohlbergplassen ved Atnsjøen. Stemningen i Harald Sohlbergs berømte maleri «Vinternatt i fjellene» fra 1914 er trolsk. Denne stemningen ønsket arkitekten å gjenskape, og fra Sohlbergplassen kan du se utsikten mot Rondane fra samme vinkel som i maleriet.

REISEINFORMASJON. Nasjonal turistveg Rondane går mellom Venabygdsfjellet og Folldal, og mellom Sollia kirke og Enden, 75 km lang (fv. 27/219).





1



2



4


1 SOLLIA KIRKE. I 1720 ble det innført kirkeplikt to ganger i året. For innbyggerne i Setningsdalen var det lang vei over fjellet til Ringebu, og ved et tilfelle frøs et reisefølge i hjel. I 1732 innvilget kongen søknad om ny kirke, men innbyggerne i Sollia fikk ingen penger til å bygge. Bygdefolket stilte da selv opp med tomt, tømmer og Stein til kirka. Den laftede tømmerkirka sto ferdig i 1738. Ved kirka ligger også en liten rastepllass med informasjon. Landskapsarkitekt: LJB-Lars Berge.

2 ATNBRU VANNBRUKSMUSEUM. Atnbru-området er et av de mest verneverdige kulturlandskapene i Hedmark. I den lyse bjørkeskogen ligger Fossehuset ved Atnbrufossen. Museet var tidligere et gammelt sagbruk med fløtningsanlegg og kraftverk, nå rommer det også utstillinger og konserter. Landskapsarkitekt: LJB-Lars Berge.

3 SOHLBERGPLASSEN. Ved Atnsjøen ligger utsiktsplattformen Sohlberglassen som svinger seg mellom slanke furutrær. Plattformen rammer inn utsikten mot Atnsjøen og de runde fjellene i Rondane nesten slik den framstår i Harald Sohlbergs maleri «Vinternatt i fjellene». Arkitekt: Carl-Viggo Hølmebakke.

4 STRØMBU. Strømbu er en av hovedinnfallspunktene til Rondane fra øst og et godt utgangspunkt for vandreturer i Norges første nasjonalpark. Rasteplassen med takterrasse og varmestue, er nærmeste nabo til elva Atna som snor seg mellom furutrær og sandbanker. Takterrassen byr på rast og god utsikt over fjellene og elva. Arkitekt: Carl-Viggo Hølmebakke.

NASJONALE TURISTVEGER er 18 utvalgte kjøreturer gjennom norsk natur. Langs strekningene er det laget utsiktspunkter og rasteplatser med nyskapende arkitektur og tankevekkende kunst. Hver av de 18 strekningene, fra Jæren i sør til Varanger i nord, har sitt særpreg av veg, natur og historie.



REISEINFORMASJON.
Nasjonal turistveg
Valdresflye går mellom
Garli og Hindsæter med
avstikker til Gjende.
Strekningen er 49 km
lang (fv. 51).

TRAVEL INFORMATION.
Norwegian Scenic Route
Valdresflye runs from
Garli to Hindsæter, with a
detour to Gjende, a total
distance of 49 km (fv. 51).

VALDRESFLYE - Where the roads floats above the treeline

Vegen over Valdresflye svever og strekker seg ut i lange og duvende bevegelser. Det er lett å la tankene sveve like høyt som fjellene i horisonten. Landskapet kan virke dovent og vennlig, men det er gode grunner til at vegen er vinterstengt. Når vinteren fester grepet og vinden blåser ubarmhjertig over viddene er det for krevende å holde vegen åpen i de store snømengdene. Om sommeren når alt ligger badet i lys er det ingen skyggesider. Uansett hvor du velger å stoppe behøver du ikke bevege deg langt for at det føles som en liten ekspedisjon.

The road over the Valdresflye swoops and stretches out ahead in long sweeps of undulating terrain. It's easy to let your thoughts soar to the heights of the mountains on the horizon. The landscape can appear drowsy and friendly but the road is closed in the winter for good reasons. When winter tightens its icy clutch, the huge snow masses make the task of keeping the road open too demanding, and winds harry the plateau remorselessly. When everything is bathed in light in the summer there are no dark shadows. Regardless of where you stop you don't need to go far before feeling you're on an expedition.



- ① VALDRESFLYE
- ② ROCK ON TOP ANOTHER ROCK: Kunstnerne Fischli & Weiss
- ③ GJENDE: Arkitekt: Knut Hjeltnes



1

SOGNEFJELLET - On the roof of Norway

Fra de grønne engene i Lom og det frodige kulturlandskapet i Bøverdalen kan du ane de mektige fjellene i det fjerne. Langsomt stiger vegen opp gjennom dalen. Det går oppover til toppunktet 1434 meter over havet, og gjør vegen til Nord-Europas høyeste fjellovergang. Langs vegen ligger utsiktspunktene og venter på at du skal ta en pause og virkelig la naturen synke inn. På Mefjellet rastepllass lar Knut Wolds steinskulptur oss se fjellandskapet på en annen måte. På vegen videre ned mot Sognefjorden viser fjellheimen seg fra sin villeste side. Der Hurrungane kneiser mot himmelen slipper fjellet plutselig taket og landskapet endrer seg igjen. Ut mot Gaupne, som er strekningens endepunkt, går vegen helt nede langs den vakre Sognefjorden.

From the verdant meadows in Lom and the lush cultural landscape of Bøverdalen you can catch a glimpse of towering mountains in the far distance, as the road slowly ascends through the valley. It makes its way up to the summit signposted at 1,434 metres, making the road northern Europe's highest mountain pass. Along the road you will be tempted to stop at the viewing points to soak in the beauty of the natural surroundings. At the Mefjellet stop you will find Knut Wold's stone sculpture which allows us to view the mountain landscape from a different perspective. Continuing down towards the Sognefjord the mountain region appears untamed, and where Hurrungane towers up to the heavens the mountains suddenly open up and the landscape changes once again. Towards Gaupne, the final point on this stretch, the road descends to skirt the beautiful Sognefjord.



2



3

- ① **MEFJELLET:** Kunstner: Knut Wold
- ② **SOGNEFJELLSHYTTA:** Arkitekt: Jensen & Skodvin
- ③ **NEDRE OSCARSHAUG:** Arkitekt: Carl-Viggo Hølmebak